

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fellesnemnda

**Møtedato:** 04.05.2018

---

**Sak nr.:** 18/5985-2

**Internt l.nr.:** 25460/18

**Sak:** 15/18

**Tittel:** Økonomisk støtte til auka politisk verksemd

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmennene låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Innanfor posten politiske fellesaktivitetar/ev partistøtte i budsjettet for eingongskostander, vert det vedteke å sette av tilsaman kr 1 320 000,- til partigruppetøtte i dei respektive fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland for 2018 og 2019. Partigruppene får årleg støtte med kr 10.000,- pr fylkestingsrepresentant.
2. Fellesnemnda ber fylkesrådmennene iverksette utbetaling av støtte til auka politisk verksemd i samband med samanslåingsprosessen, slik det vert gjort for gjeldande ordningar for partistøtte i fylkestinga.

**Endringsframlegg:**

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt mellom fylkesrådmennene sitt forslag punkt 1 og 2:

Kvar av dei 2 fylkesutvala har innan sommaren høve til evt. å lage ein annan modell for fordeling innan den fylkesfordelte ramma.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Summen på 1 320 mill. blir delt likt på 2018 og 2019.»

**Avrøysting:**

Fylkesrådmennene sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke som punkt 2.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som punkt 3.

Fylkesrådmennene sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som punkt 4.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Innanfor posten politiske fellesaktivitetar/ev partistøtte i budsjettet for eingongskostander, vert det vedteke å sette av til saman kr 1 320 000,- til partigruppetøtte i dei respektive fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland for 2018 og 2019. Partigruppene får årleg støtte med kr 10.000,- pr fylkestingsrepresentant.
2. Kvar av dei 2 fylkesutvala har innan sommaren høve til evt. å lage ein annan modell for fordeling innan den fylkesfordelte ramma.
3. Summen på 1 320 mill. blir delt likt på 2018 og 2019.
4. Fellesnemnda ber fylkesrådmennene iverksette utbetaling av støtte til auka politisk verksemd i samband med

samanslåingsprosessen, slik det vert gjort for gjeldande ordningar for partistøtte i fylkestinga.